



Ålfotbreen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Trondheim, 16.10.2015

Dykkar ref.:  
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2014/5002

Sakshandsamar:  
Marie Lier

## Ålfotbreen landskapsvernområde - endeleg godkjenning av forvaltningsplan.

Vi viser til brev dagsett 9. september 2015, der Ålfotbreen verneområdestyre har oversendt forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde til endeleg godkjenning etter høyring. Miljødirektoratet har gått gjennom utkastet til forvaltningsplan. Forvaltningsplanen virker godt gjennomarbeida og er innafor rammene av forskrifta for verneområdet. Vi har nokre kommentarar til forvaltningsplanen.

Tiltak: Under dei ulike brukarinteressene er det lista opp ulike tiltak, utan at det alltid er nemnd under ei overskrift tiltak. Ein kan med fordel velje å lage ein eigen tiltaksplan som kan vere eit vedlegg til forvaltningsplanen, slik at den enkelt kan verte revidert og oppdatert. Eller at det vert gjort tydelegare med ei underoverskrift kva som er som tiltak å rekne. Døme på dette er s. 35 og 36. Det bør også prioriterast mellom tiltaka, samt settast eit tidspunkt/år for når tiltaka er tenkt gjennomførte.

1.3, Mål for forvaltninga, s. 10: I avsnittet som byrjar på «Forvaltningsplanen for Ålfotbreen....» må ein legge til «Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik verneforskrifta er, men forvaltningsplanen kan vere juridisk bindande der føresegn i verneforskrifta viser direkte til forvaltningsplanen».

1.4, Lovverk og juridiske rammer, s. 10-13: Vi foreslår å skrive teksten etter mal som er brukt i forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal, då den er meir oversiktleg.

Kap. 4.1.2, Rammer og regelverk, s. 27: Avsnittet som byrjar med «I følgje Forskrift om vern av...» kan verte sletta, då dette er generell tekst som allereie er skrive i kap. 1. Alternativt må ein flytte det under 4.1.3.

Kap. 4.2.7, 4.6.4 og 4.7.4: Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova: Desse avsnitta kan slettast, då dette ikkje er relevant i forvaltningsplanen sidan prinsippa må verte vurdert i kvar enkelt sak.

Kap. 4.2.8. Aktuelle tiltak som omhandlar motorferdsle bør flyttast til kapittel om motorferdsle. I dette i kapittel om jakt og fiske bør ein heller vise til kapitelet om motorferdsle.

Kap. 4.6.3, Eksisterande bygningar, Tillate etter søknad s. 50: Her bør ein skrive inn at ved ei auke av areal, skal ikkje det totale arealet overskride 35m<sup>2</sup>.

Kap. 5.1, Sakshandsaming, s. 55: Setninga som byrjar med «Klagen skal då sendast til...» må endrast til «Klagen skal då sendast til Miljødirektoratet, som fattar vedtak i klagesaka. Miljødirektoratet sitt vedtak kan ikkje klagast på. Alle vedtak skal også registrerast i miljøvedtaksregisteret.»

5.2, Oppsyn, s. 56: Legg til *småbåtlova* i oppramsing av lover.

Miljødirektoratet har med dei endringane som er nemnde i dette brevet, endeleg godkjent forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur*

Olav Nord-Varhaug  
seksjonsleiar

Marie Lier  
seniorrådgjevar